



Notat

Dato: 12.09.2017
Arkivsak: 2017/14894-3
Saksbehandlar: arnasan

Tillegg til sak - auke av takstar for tannbehandling

Lov om tannhelseteneste styrer kva tilbod som den fylkeskommunale tannhelsetenesta skal gi. I §1-1 står det at «fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetjenester, herunder spesialisttjenester, i rimelig grad er tilgjengelige for alle som bor eller midlertidig oppholder seg i fylket.» I §1-3 står det vidare at «i tillegg til de prioriterte oppgavene kan Den offentlige tannhelsetjenesten yte tjenester til voksne pasienter mot betaling etter fylkeskommunens bestemmelser. Departementet kan gi forskrift om at fylkeskommunen skal sørge for å tilby slike tjenester i områder av fylket der det ikke foreligger annet tilstrekkelig tilbud, og om pliktens varighet og geografiske virkeområde.»

I Hordaland blir tannhelsetilbodet til vaksne, betalande pasientar i all hovudsak gitt av privatpraktiserande tannlegar, spesielt i Bergen og i dei større tettstadane i fylket. Om lag 17 000 vaksne pasientar blir ferdigbehandla i den fylkeskommunale tannhelsetenesta kvart år – noko som utgjør ca 5% av den vaksne befolkninga over 20 år i fylket.

For å rekruttera tannhelsepersonell – og for at offentleg tilsette tannlegar skal oppretthalda sin faglege kompetanse – er det særskilt viktig at tannhelsetenesta i Hordaland gir eit tilbod til vaksne, betalande pasientar i tillegg til dei prioriterte pasientgruppene.

På grunn av eit vedtak i ESA (EFTA sitt overvakingsorgan) vedtok Helse- og omsorgsdepartementet i 2014 «forskrift om krav til føring av atskilte regnskap mv.» Formålet med forskrifta er å bidra til å unngå krysssubsidiering mellom fylkeskommunale tannhelseteneste i områder av fylket der det ikkje er anna tilstrekkelig tannhelsetilbod, og tannhelseteneste som blir tilbydd i ein marknad i konkurranse med private tenesteytarar. Krysssubsidiering inneber at offentlege midlar blir brukt til å subsidiere tannhelsetenester til vaksne pasientar som betalar for tenesta, slik at fylkeskommunen oppnår ein konkurransefordel i forhold til private tenesteytarar.

Fylkeskommunen skal for kvart rekneskapsår utarbeide ei oppgåve med resultatoppstilling for dei ulike delar av verksemda. Forskrifta definerer i §5 dei ulike delane av verksemda slik:

- a) tannhelsetjenester som tilbys helt eller delvis vederlagsfritt til pasienter som omfattes av gruppene i tannhelsetjenesteloven § 1-3 første ledd bokstav a til e
- b) tannhelsetjenester som tilbys voksne mot betaling i områder der det ikke foreligger annet tilstrekkelig tilbud (tjenester av allmenn økonomisk betydning)
- c) tannhelsetjenester som tilbys voksne mot betaling i områder med konkurranse fra private tenesteytere.

Fylkeskommunen skal tilby tannhelsetenester til vaksne mot betaling i områder av fylket der det ikkje er anna tilstrekkelig tannhelsetilbod (pkt b). Fylkestinget avgjer kva for områder i fylket det kan ystast

subsidierte tenester. Honorar for tannbehandling av vaksne, betalande pasientar skal dekke alle utgifter ved tenesteytinga, inkludert ei rimelig forteneste.

Fylkesrådmannen har også under utarbeiding ein tiltaksplan for å få økonomien i tannhelsetenesta i balanse. Denne tiltaksplanen skal vera klar i september 2017, og vil ha tiltak både for å redusera kostnader samt tiltak for å auke inntektene. Forslag om å auke honorartakst for tannbehandling allereie frå 15. oktober 2017 er ein del av denne tiltaksplanen.